

Referat frå møte i elevrådet fredag 10-04-15

Desse møtte : Nikolai, Alva, Ina, Magnus, Sindre og kontaktlærer.

Sak 35 / 14-15 : Godkjenning av referat frå møte 13-02-15

Referatet vart godkjent utan merknader.

Sak 36 / 14-15 : Ønskje frå elevar – a) Sjakkdag b) Leksefri

a) Elevar ønskjer å spela sjakk ein onsdag i 2 skuletimar

b) Elevar i 5.-7. klasse synest dei har for mykje lekse.

Dei ønskjer mindre leksemengde no når våren er komen.

Sak 37 / 14-15 : Røynsler frå trivselseiaroppgåva

Organisering : 7.klassen deler seg i to grupper som lagar til

kvar sin aktivitet, tysdagar og dei fleste torsdagar kl 11.40-

12.00. Leikane har til no vore : Stikkball, am. kanonball, brett-

spel. Responsen frå dei andre elevane har vore god. Alle i

7. klassen synest det er ei kjekk oppgåve, og dei planlegg fleire

leikar ute framover våren.

Sak 38 / 14-15 : Kommunedelplan skule - Høyring

Elevrådet ved Myking skule meiner det er viktig at skulen får

fortsetja fordi :

- Myking skule er viktig for heile bygda, her er t.d. eldrekafe, Ving, 17.maifeiring, vallokale. Skulen er sentrum i bygda.
- Viss skulen vert nedlagt, står butikken også i fare for å bli nedlagt
- På skulen er det eit oversiktleg og trygt miljø utan mobbing
- Alle kjenner alle, og alle får hjelp når det trengst
- Skuleplassen vert mykje brukt også utanom skuletida

Myking skule, 10-04-15

Margunn Dale Skauge (ref.)